

Føyk i fjell Av Trygve Orheim

Vinterstorm i villan fjell
som ein her av kvite hestar.
Villt det fyk om hamrars hjell,
svært som vonde vetter festar!

Over alt ei åsgårdsrei,
bylgjer over fjellet vide.
Denne gongen brysk og brei,
tuss og rise sid' om side.

Stormar fram forutan stans,
hujande dei bryt og baksar.
Urtidsmakt i villan dans,
føyk som hestemåner flaksar.

Litt med kvart det stilnar av,
snart det raudt i skyom brenner.
Stilla stilt stend opp or grav,
då når sol om berget renner.

Livd i fjellkrå fann ein kar,
då når fjellet baud sin styrke.
No han går mot heimleg gard,gløymd er vill-
marks-makter myrke.



Fotografi teke ved Akerselvi.

Frå Köln-konferanse til normeringsordskifte

Demonstrasjonar og makeringar i tilknytning til islam let til å dukka upp gong etter gong i vår tid, og bladstyraren hev vore på kongress mot islamisering i Köln. Dessutan so er det framleis uvisst kva som skjer med nynorsknormi. Det hev kome ny språkmelding, men normdiskusjonen held fram. Helge Sandøy hev vore ute og lufta samnorsksynet i Dag og Tid, og me kommenterar innlegget hans.

Det er mykje dårleg målbruk i høve til både TV2 og NRK. Det er verkar som at det nynorske skriftmålet ikkje eksisterar serleg sterkt i medvitnet til nynorskjournalistar eller formidlarar med bakgrunn i nynorskumråde. Tore Lund er som mange andre lite nøgd med denne stoda.

Stieg Larsson hev vore eit sers aktuelt namn i samband med filmanseringi av "Menn som hatar kvinner" i vår. Marøy hev kome seg gjennom heile bokverket som Millenniumstrilogien utgjør og presenterar handlingi og sine inntrykk av lesteren.

Me vonar at innhaldet i dette bladet vekker hugnad, og helsar god sumarferie til lesarane våre.

I dette nummeret:

Thoralf Bergwitz:	Bokmål eller nynorsk	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Don Carlos på dramaten	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Fram for eit høgnorsk kulturhegemoni	s. 3
Olav Torheim:	Vellukka Köln-kongress mot islamisering	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Odals Verk og gruverdrift i Kongsvinger	s. 8
Tore Lund:	Språkteigens prioriteringar	s. 10
Lars Bjarne Marøy:	Millenniumstrilogien	s. 11
Lars-Toralf Storstrand:	Deir Yassin - kva med dei arabiske vitni?	s. 14
Trygve Orheim:	Fjordske og mørske	s. 15
Thoralf Bergwitz:	Mediespråket - "Forsøkt drept med vogntog og balltre"	s. 16

Bokmål eller nynorsk?

Av Thoralf Bergwitz

Bokmålsformannen Steinar Øksengård skriv entusiastisk for ivaretaking av det eine av dei tvo riksmål som offisielt er i bruk her i landet – ”Bokmålet”.

Dette målet – ”bokmålet” det er i bruk av berre 90 % av folket i landet, og det er alt for lite, meiner tydelegvis dei som er med i Bokmålsforbundet. Etter det me skynar Steinar Øksengård av, so burde nynorsk opplæringsmål ikkje hava eksistensrett i det norske skuleverket. Han fører faktisk ”prov” for at dei norske dialektane er godt ivaretekne med bokmålet som opplæringsmål i skulen. Og nettopp fordi at det er so fåe som nyttar seg av tilbodet um nynorsk som opplæringsmål – so finst det eit forbund – ”Bokmålsforbundet” – som hev som fyremål – å rydja ut det litle som enno er att av slike tilbod !

Det dreier seg um ei minoritetsgruppe som ser det som ei verdfull oppgåve å verne um å ivaretaka dei restane av det norske skriftmålet – endå um denne gruppa tel berre 10% av folket i landet. Men ikkje ein gong desse tie prosentane skal hava lov til å eksistere som nynorskskrivande !? Det dreier seg um overføringer på ”tre-sifrede millionbeløp” å halde denne minoritetsgruppa i live! Og det er – skynar me – heilt forkasteleg, etter det bokmålsformannen hevdar.

Kva då med t.d. samekulturen ? Kva kostar det oss å halde den i hevd ? Er bokmålsforbudet ein like aktiv forkjempar for å

utslette denne kulturen ?

Når det gjeld ivaretaking av dialektane, so hev Agderposten sloppe til eit par innlegg um ”ærendalsdialekten”. Dette må segjast å vera sers prisverdigt – serleg sett på bakgrunn av ein sers krenkjande uthenging av av eit skriftmål som – faktisk høver som hand i handske – med talemålet i dei indre bygder der Agderposten hev sitt nedslagsfelt – som Agderposten presterte å gjera - for stutt tid sidan.

Desse tvo innleggi som eg siktar til – ”Ei evntyrlig historie – om ærendalsk” – 5.februar og i dag 10. Februar, 2003.02.10 ”Farvel, ærendalske dialekt ?”

Båe innleggi rår narreskapen midt i blinken.

Narreskap kann me praktisere med so mangt, men det enklaste og næraste å gripe til for å gjera seg til lått og løgje – det er talemålet. Me nordmenn (og nordkvinner) er so heldige (?) at me hev ei serskilt historie – ei historie som er som laga til nett dette fyremålet – å gjera oss til narrar – for både kvarandre – og for andre.

Dømi med ”ærendalsdialekten” gjev eit so klårt bilæte av det som skjer – det som hev utspela seg gjennom heile saga vår frå på trettan hundradtalet – då dronning Margrete gjorde sitt inntog i landet. Etter den tid tok nordmenn til å apa etter både kongehus og danske embetsmenn – og smått um senn – det gjekk ikkje so snøgt i dei dagar – etter de

me kann skyne – so tok og nordmenn til å skrive – og då måtte dei skrive på det målet som kongehuset og embetsstanden skyna. Nordmenn vart – på det viset – på ei vis – noko lik dei store og megtige i landet – og umsider tok nordmenn til å eta kirseber med dei store – dei tok til med å tala dansk. Men dansk mål høvde ikkje for norsk tunge, so det vart berre knot. Dette hev ikkje nordmenn slutta med å freista å gjera enno.

Etter kvart vart knotet etabert som eit serskilt mål. Det fekk heidersnavnet ”NORSK” medan det norske målet fekk nemningen ”NYNORSK!” I dag lærer difor norske skuleelevar NORSK som hovudmål og ”nynorsk” som sidemål – på same vis som um det var eit framandmål – jamført med t.d. engelsk.

Dei nynorskbrukande nordmenn minner oss stendigt um upphavet vårt – og kven me - i realiteten er. Det gjev oss eit visst samvit-snag for at me sviktar vår eigen identitet. Det er veldig sårande. Me må difor sjå til å kneble dei som driv med den slags. Det er visseleg den fremste årsaki til at det norske folket – 90% (?) må ”bekjempe” nynorskupplæring i landet.

Sumt teiknar i retning av at det skal lukkast å rydde ut det litle som er att av det norske målet i Noreg. Då kann me syngje i kor : ”Seieren er vår, vi har vinni , seieren er vår” Det er typisk NORSK !

Don Carlos på Dramaten

Av Lars Bjarne Marøy

Ein sjeldsynt gong hender det at interessa for saga og litteratur finn saman i teaterstykke eller i historiske romanar. Då eg høyrde at Kungliga dramatiska teatern skulde syna Don Carlos av Friedrich Schiller var det definitivt eit godt argument for å koma seg til Stockholm og på teateret. Det var ikkje vanskeleg å få billett. Salen var knappast fullsett.

Stykket tek handlingi si frå Spania på slutten av 1500-talet. Kong Phillip den andre av Spania herskar yver eit storrike som strekkjerseg heilt til Latin-Amerika. Det vert førd krigar i Europa og i serleg grad i Flandern. Kongen er hard og nådelaus, og i utanrikspolitikken greider Spania seg etter måten godt, trass i nokre tilbakesteg.

Det som derimot skapar tilfløkjingar er at Don Carlos er hugteken i stykmori si. Mori til Don Carlos døydde då han var

liten. Don Carlos vert hugteken i ei kvinna som faren seinare gifter seg med, og her er det at ein finn kjernen i stykket.

Det heile tek til med at Don Carlos trur seg til ein gamal barndomsven som hev stor tillit hjå kongen. Han prøver å få til eit møte med stykmori der kjærleiken kann berrleggjast.

Og so er det heile i gong med brev og møte millom dei impliserte partane. Uppe i det heile vert dotteri til stykmori hugteken i Don Carlos. Det gjer ingenting lettare. Mistydingane fører til at barndomsvenen markisen av Posa døyr. Don Carlos vert yverlevert til inkvisjonsleidaren.

Temaet kjenner me for so vidt frå fyrr. Det er ikkje vanskeleg å sjå parallellar til Kong Ødipus i den greske tragedien. Tanken um at ein son vil ha mor si til kjæraste eller fruva er knytt til teori-

utviklingi innanfor psykolanalysen.

Skodespelarane greider seg rimeleg bra i rolle framføringane, men kostymane var ikkje serleg sudlandske. Når ein er ved det spanske hoffet ser ein fyre seg sterke fargar og personlege klede. Men kostymane er svart jakke og grå bukse. Det gjeld både for mennene og kvinnone. Det einaste undantaket er den litle dotteri til kong Phillip og dronning Elisabeth. Ho hev skiftande fargar i klesdrakten. Det er prisverdigt at stykket vert sett upp. Hovudhandlingi er greid nok, men intrigespellet er ikkje alltid like lett å fylgja ned i minste detalj. Det er mogleg at skodespelarane kunde ha fenge meir ut av ein-skildscenar. Eg kjenner stykket for dårleg til å uttala meg heilt visst um det. Men eg tykkjer det er noko som manglar i sume av scenone.

Fram for eit høgnorsk kulturhegemoni

Av Lars Bjarne Marøy

Helge Sandøy er ein mann som aldri let til å gjeva upp hildringi um eit samnorsk språk. Det er ikkje ofte han skriv noko um kva han meiner, men når han ein sjeldan gong tek til ords er det, som han sjølv vilde segja det, ofte i kyrkjelyden, det vil segja han skriv eit innlegg til Dag og Tid. Ev. skriv han ein kronikk i Bergens Tidende. No hev Sandøy interessert seg for at det hev kome ei Stortingsmelding um målstoda (St. meld nr 35, 2007-2008)

Det kann ikkje vera lett å vera samnorskmann i dag. Tvo gonger freista ein å få framgang for samnorsken med rettskrivingar i 1917 og i 1938. So freista ein seg med det udemokratiske mandatet um at forskingi til granskarane i språknemndi skulde fremja samnorsktanken. Deretter gjorde ein stor freistnader på å få ein ny ungdomsgenerasjon til å nytta radikalt bokmål. MI-arane frå vestkanten gjorde so godt dei kunde med trykk på fyrstestaving og a-endingar i hokjønnsord, men det heile viste seg å vera daudfødd.

Når ein ikkje vann fram med bokmålet, gjekk ein vidare med nynorsken som eit samnorskprosjekt for seg. Nynorsken vart sterkt tiljamna med bokmålet med rettskrivingi av 1959 og med vantande språkrøkt i tidi etterpå, seinare hev ein arbeidt ihuga med å få burt stengslor mot anbeheitlese-ord. Ikkje minst hev samnorskarar og andre velviljuge menneske tapt seg burt i dialektnihilisme og sume vil vel segja studiar av språkdaude.

Korleis vil so Sandøy oppsummera målstriden i Noreg: *Striden har vore eit stort kultursosiologisk opplysningsarbeid. Samnorskmandatet til rettskrivingsnemndene var: "...ein vedvarande provokasjon mot kulturhegemoniet, og provokasjonen var fruktbar."* Sandøy meiner at: *"Kulturell dominans fører til at den dominerte tolkar verda med brillene til den dominerande, og dermed blir det utvikla mental kolonisering, som får utslag i mindremannskjensle, underlegenheit, overgang til prestisjespråket osv."*

Ja, at samnorskmandati til rettskrivingsnemndene var ein provokasjon, det skal vera visst. Det var ikkje berre ein provokasjon, men ein udemokratisk måte å driva språkpolitikk på.

Det er liten tvil um at ein stor del av dei nynorskbrukarane som skriv mest

offentleg hev havt bokmål som fyrstespråk. Utan at bokmålsbrukarar hadde bytt til nynorsk vilde nynorsken havt langt færre av dei leidande skribentane sine på 1900-talet. Soleis gjeng bruken av nynorsk og bokmål ikkje berre den eine vegen. Men arbeidet hev knappast vore noko opplysningsarbeid for folk flest. Ressurssterke formidlarar og mottakarar hev vore interesserte i målsaki, elles hev saki vore lite påansa. I dag er sjølv medvitne målbrukarar fullstendig forvirra med omsyn til kva som skjer i Norsk språkråd. Helge Omdahl tok for nokre sidan til ords for å få opplysningskampanjar for samnorsk og valfridomen i rettskrivingi. Å tru at nokon vil læra meir av ein kampanje enn gjennom åravis med utdanning er naturleg nok berre ein draum.

Det er ei klassisk oppfatning at ein vert undertrykt av å ikkje bruka nynorsk. Men hadde folk kjent seg undertrykte, vilde dei ha protestert. Det skjer ikkje. Det er ikkje store protestar mot å bruka bokmål millom norske ungdomar. Det store problemet er derimot at nynorskelevar skifter mål til bokmål.

Det er òg naturlegvis misvisande å klandra bokmålsbrukarar for å bruka eigedomsmakt og opphavsrettar. Å taka presse-studnaden frå meiningsberande avisor som Nationen, Dagsavisen, Klassekampen eller liknande vilde vera absurd, men slutningi er i same tankerekkeja til Sandøy.

Det ligg ikkje fyre nokor mental koloni-ering i Noreg. Det ein derimot kann spyrja seg um er um nynorsken er so sterk at den kann segjast å utgjera eit leveført alternativ til bokmålet. Det neste ein må spyrja seg um er: korleis ein kann oppnå at mengdi av nynorske tekster på viktige omkverve kann veksa. Det gjer nynorsken best med kulturmedvitne målfolk som kjøper nynorske bøker, gode eigarar av avisor og andre nynorskorgan som klarar å skaffa seg yverskot på drifti og nynorskfolk som kann leggja press på mektige skriftprodusentar um å bruka nynorsk.

Nynorskbruk kjem av at eigarar vil ha det slik. Eigarmakti til nynorske kommunar hev t.d visst seg å vera ein maktfaktor.

Sandøy mislikar at avisor ikkje prentar lesarbrev på radikalt bokmål. Men kor mange er det i røyndi som skriv det? Det er liten tvil um at radikalt bok-

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyarar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 62 81 43 95
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

mål hev havt liten framgang. Det hev ikkje berre vanta framgang, men hev havt markert tilbakegang. Det er klart at det hev sine årsaker i at brukarane ikkje vil skriva det. Hadde mange skrive radikalt, vilde ikkje avisone havt kapasitet til ev. å retta alle lesarbreivi. Det er rett og slett ein konstruksjon av ei tenkt stoda som ikkje finst.

Når Sandøy skriv um kulturhegemoniet, må ein segja at ein kjenner seg meir og meir som ein del av det. For kva er alternativet til kulturhegemoniet? Det finst ein litteratur på bokmål og ein på nynorsk, bae delar er i større eller mindre grad høgkultur. Alternativet er ingen kultur i det heile. Ev. kann ein tenkja seg visesong på dialekt og teaterstykkje på dialekt på Hålogaland teater. Dette er vel det som passar Sandøy best. Han vilde truleg mistrivast med normert talemål på Det norske teatret. Derimot kann han truleg godtaka dialektbruken på TV2.

Det vert truleg eit nokso snevert utval av kulturtilbod som er dekkjande for ein samnorskmann. Me i Målmannen skal iallfall bruka våre eigarmakt til å produsera mest mogleg nynorsk tekst um alle moglege emne og innanfor eit rådande, men sers eksklusivt høgnorsk kulturhegemoni. Det er ikkje meint å vera ein provokasjon, men ei einssidig målreising bygt på våre egne premissar.

Vellukka Köln-kongress mot islamisering

Av Olav Torheim

8-10 mai var det ny antiislamiseringskongress i Köln, no som sist gong med den lokale gruppa Pro Köln som tilskipar, og med gjester frå høgrepopulistiske og innvandringskritiske parti frå heile Europa.

Konferansen fyrre året hadde møtt sterk motstand frå vinstreestremistar, som mellom anna greidde å få stogga heile det avsluttande opne møtet på Heumarkt i bykjerne av Köln, og spaningi var difor stor um korleis det skulde koma til å gå denne gongen.

Slitne bråkmakarar

Som me hugsar so var 20. september 2008 den andre gongen på rad at freistnaden på å halda eit europeisk folkemøte mot islamiseringi av Europa vart slege ned med makt, med di det same hende den 11. september 2007 då ein antiislamiseringsdemonstrasjon i Brussel vart forboden og broten upp av Politiet av di det kunde provosera muslimar. Slik sett var den nye antiislamiseringskongressen i mai 2009 rekna som styrkeprøven på um det skulde vera moglegt i det heile å halda ein demonstrasjon der sovorne spursmål vart sette på dagsorden.

I september 2008 rekna Politiet med 40.000 motdemonstrantar, men det dukka til slutt ikkje upp meir enn 5000-6000 personar – som var tilreisande frå heile Europa. Denne gongen rekna ikkje Politiet med meir enn 6000 motdemonstrantar. Og dessutan burde ein taka med i reknestykkjet at det nylegt hadde vore G20-toppmøte i London, NATO-toppmøte i Strasbourg - og berre ei vika fyreåt fyrste mai, der det serleg i Tyskland hadde gjenge vilt fyre seg.



Frå vinstre: Harald Vilimsky, Hilde DeLobel og Markus Beisicht.

Soleides var det i alle fall lov å vona at bråkmakarane var byrja verta litt slitne.

Dag 1 – Pressekonferanse, opne møte og intern rådslaging

Den fyrste dagen av Köln-kongressen var det både internasjonal pressekonferanse på løynd stad og ymse opne møte kringum i byen. At pressekonferansen laut haldast på løynd stad hadde sine grunnar. For på Pro Köln sin pressekonferanse i 2008, som vart halden umbord i ein restaurantbåt på Rhinen (“Moby Dick”), hadde vinstreestremistar gjenge til åtak og ramponert båten med steinkasting.

Men denne gongen er det likt til at Pro Köln lukkast med å halda pressekonferansen skjerma for bråkmakarar. Pressekonferansen vart halden på fyremiddagen i lokali åt eit advokatfirma i sentrum av byen, og gata der pressekonferansen skulde haldast var godt sikra av Politiet. Men kor som er – det var ikkje ein einaste motdemonstrant som møtte upp.

Då pressekonferansen opna, vart journalistane helsa av formannen i Pro Köln, Markus Beisicht. Han orsaka at pressekonferansen laut haldast på eit advokatkontor, men kunde fortelja at det ikkje var eit einaste hotell i Köln som var viljuge til å leiga ut lokale til å halda pressekonferanse. Dei var alle redde for hververk og åtak frå vinstreestremistar.

Vidare var det kunnjingar frå Harald Vilimsky (FPØ-generalsekretær), Johann Herzog (FPØ-byråd i Wien), Hilde DeLobel (parlamentsrepresentant, Vlaams Belang) og Robert Spieler (Novelle Droite Populaire, Frankrike).

Bodskapen frå FPØ-generalsekretær Harald Vilimsky var at me ikkje kunde godtaka at det skulde reisast stormoskear og andre islamske herskarsymbol i Europa. På spursmål frå journalistane um dei verkelegt meinte at ein skulde forby byggjing av moskear, so var Vilimsky klår: Me ynskjer ikkje at det skal byggjast stormoskear i nokon europeisk by. No er jamvel Tyrkia åt å verta EU-medlem, utan at dei treng å leggja um politikken sin der dei forbyd byggjing av kyrkjor. Då kann dei i alle fall ikkje krevja av oss at me skal lata dei få endra det europeiske bybilætet på denne måten.

Til liks med Vilimsky slo Johann Herzog fast at moskebyggjingi i Köln hadde stor symbolverknad, og at dette var viktig å få sett fokus på. I Austerrike med aukar presenten av muslimar jamt og trutt, og dei



Pressekonf.: Robert Spieler fokuserte på at islam truga vår europeiske identitet. muslimske talsmennene vert stødt meir kravstore. Det er viktig å finna fram til ein måte å taka vare på dei europeiske karakteren åt storbyane våre, anten det gjeld Köln eller Wien. Herzog poengterte dessutan at det i Austerrike vilde vera utenkjelegt at det ikkje skulde vera moglegt å få til ein pressekonferanse um desse spursmåli utan annan stad å vera på enn eit lite advokatkontor.

Hilde DeLobel lagde vinn på den meiningsfridomen og toleransen som me hev havt her i Europa. Me ynskjer å framleis ha eit ope og tolerant Europa, difor er me her i Köln med ein stor delegasjon for å stydja upp um denne markeringi.

Robert Spieler frå franske Nouvelle Droite Populaire poengterte at dersom me skal vinna kampen mot islamiseringi, so må me stå saman. Àleine greider me ikkje å stogga islamiseringi, men når me samlar



Målmannen-redaktør Olav Torheim og PI-News-redaktør Stefan Herre i Leichlingen.

alle goder krefter i Europa, so skal me klara det. Spieler poengterte dessutan at dette handla um å verna um vår europeiske identitet.

Den italienske islamkritikaren Adriana Bolchini Gaigher, gamal veninda med Oriana Fallaci, hadde det avsluttande utspelet, der ho gjekk sterkt i rette med islam, og gav ei rad konkrete døme på korleis islam øydelegg og undertrykkjer menneske yver heile jordi. I Europa ynskjer me ikkje nokon ny myrk millomalder med islam, slo ho fast.

PI-News hev gjort upptak av pressekonferansen, og du kann sjå videoane her: <http://www.pi-news.net/2009/05/der-anti-islamiserungskongress-hat-begonnen/>.

Etter at pressekonferansen var slutt, heldt den interne parten av kongressen fram. Her vart islamiseringstrugsmålet mot Europa teke upp til dryftingar og kontaktar vart knytte millom innvandringsskritikarar frå heile Europa. Som vanlegt var det særskilt Vlaams Belang og FPØ som stelte mannsterkt upp på konferansen, men denne gongen var det jamvel ein ekstra stor delegasjon av nasjonalistar frå Tsjekia. I alt var me eit par hundrad deltakarar på den interne parten av konferansen.

Parallellt med den interne parten av konferansen var det opne møte kringum i drabantbyane til Köln, der lokale aktivistar heldt islamkritiske markeringar – godt sikra av politiet. På det opne møtet i Dormagen freista vinstreestremistar å ganga til valdelegt åtak, men yvermakti frå Politiet vart for sterk.

Under dei interne diskusjonane tala eg med dei hine konferansedeltakarane um utsiktene for det komande folkemøtet som skulde haldast dagen etter. Sidan den brutale nedstengjingi av det fyrre folkemøtet hadde gjort oss til martyrar i ålmenta, so trudde me at Politiet denne gongen kom til å gjera alt som var i deira makt for å gjera oss i stand til å halda møtet. Men me var



Glade antiislamistar på Barmer Platz.

ikkje meir naive enn at me samstundes rekna med sopass mange hindringar for dei som vilde fram til møtet at media kunde presentera det heile som endå ein fiasko.

På kvelden reiste me alle til ein idyllisk landstad i Leichlingen for å eta middag – det galdt både oss som hadde vore på konferanse på løynd stad og fotfolket som hadde halde opne møte og konfrontert vinstreestremistar. Politiet var sterkt til stades og sikra plassen, men dei einaste som møtte fram for å plåga oss var nokre kommunistar frå Die Linke. Dei vart standande med nokre plakatar og ropa og skrika, men Politiet heldt dei langt undan, og det var berre eit fåtal av oss som i det heile idest å gå ut for å sjå på dei.

Dag 2 – Folkemøte og full siger

Den store styrkeprøven vart det opne møtet som skulde haldast laurdagen klokka elleve, med folkemøte mot islamisering og appellar frå innvandrings- og islamkritiske politikarar. Som me hugsar vart heile det folkemøtet som skulde haldast i september 2008 blokkert av vinstreestremistar og til slutt forbode av Politiet, so spaningi var stor um me i det heile skulde klara å koma oss inn til demonstrasjonsplassen.

Upphavlegt hadde Pro Köln søkt um å få demonstrera på Roncalliplatz framfor Kölnerdomen, men Politiet meinte det hadde vore ei umogleg oppgåva å sikra ein sovoren demonstrasjon mot åtak frå vin-



Frå vinstre: Markus Beisicht, Petra Edelmannova, Josep Anglada og Filip Dewinter.

Hatvald?

Aftenposten melde nylegt at ein 16-åring vart rundjult og slegen i hovudet med steinar medan han låg nede - av ein gjeng på åtte personar. Guten ligg no i koma etter mishandlingi ("Gutt (16) i koma etter steinangrep". Aftenposten 12.04.09.)

Det Aftenposten ikkje fortel, men som Målmannen hev fenge direkte augevitneskildringar på, er at offeret var etnisk norsk og gjerningsmennene var, ja, du veit:

Har fått tillatelse av vitnet, dette var personens 1. melding til meg (har utelatt noe):

*"en gjeng m utlendinger fløy på norsk gutt rett utafør her hos meg i går kveld, gutt på 16 norsk ligg i kunstig koma nu, de brukte stein mot hodet hans etc.trur 8-9 stykker som umotivert hadde gått på han, kun tatt 2 ungdommer.. på 14 og 15, satt m kamra og sletta bilda, da jeg hørte skrik etc og så disse, sku tatt bilda jeg, men vi trudde kun de kødda. j...vli *****, for j...vli ha sånne ting i nabolaget, håpa de finn de andre. f...ta, de sku blitt sendt hjem".*

"ja det var like utenfor hos oss, synd jeg ikke fikk tatt bilder, men trudde det bare var ungdom som kødda, ja gutta så utenlandske ut m forskjellig utenlandsk opprinnelse, telte ikke men var min. 7 stk. de hadde visst slengt dritt i bussen til de 2 norske, så hadde de 2 norske svart, og dermed hadde de løpt etter, han skadde hadde klart å komme seg opp a grøfta og bortover veien før han segna om. det må jo være hatvold, omvendt rasisme dette?"

Men slike ugjerningar vert naturlegvis ikkje registrerte som hatvald hjå Politiet. Her er det berre "ungdomsproblem" som skal løysast med pengar til fleire fritidsklubbar etc. Det er berre når norsk ungdom svarar med same mynt at media og støtteapparat kjem på banen for å få dei "på nye vegar".

Dvergemålet

streekstremistar, og dei gav difor einast løyve til å halda møtet på Barmer Platz som låg på austsida av Rhinen og som for det meste var umgjeve av jarnvegar og ymse næringsverksemd.

Men i motsetnad til året fyreåt so hadde Politiet denne gongen gjort eit godt arbeid. Dei sperra ikkje berre av Barmer Platz, men heile det umrådet som låg ikring vart gjort til avstengd sona der ingen slapp inn utan at dei var demonstrasjonsdeltakarar. På vegen inn frå Deutze Bahnhof til Barmer Platz vart me likevel møtte av eit femtitals vinstreekstremistar som attum store og sterke politifolk skreik seg håse på slagord som «Nazis raus!» Sume av dei var dessutan svært aktive med å fotografera oss, men då eg svara med å fotografera attende, fekk dei nok med å gøyma sine eigne andlit.

Litt etter litt byrja me å samla oss på Barmer Platz, og til slutt var me litt i underkant av 1000 personar til stades. Samstundes fekk me høyra at 150 personar til, som hadde møtt fram på jarnbanestasjonen i Siegburg/Bonn for å taka toget inn til byen, hadde vorte standande faste etter at vinstreekstremistar hadde drege naudbremsa og okkupert skjenegangen framfor toget.

Brått høyrde me dessutan at nokon byrja ropa «Nazis raus! Nazis raus!» midt inne i demonstrasjonstoget. Her var det tydelegt nok folk som hadde snike seg inn i demonstrasjonen for å provosera. Våre folk heldt seg likevel rolege medan Politiet tok hand um saki og fekk pressa bråkmakarane ut med makt. Etter at infiltrørgjengen var burte, kunde det framleis dukka upp ein og annan provokatør som byrja ropa innvandringsvenlege slagord, men då vart han kjapt teken hand um og måtte forlata toget. Politiet stod for utplukkingi av provokatørar og antiislamistane let vera å ty til sjølvtekt.

Journalist ropa slagord

Ved eitt tilfelle var det jamvel ein journalist som byrja ropa slagord mot Pro Köln. Demonstrasjonsvaktene svara resolutt med å stengja honom ute frå demonstrasjonen –



Andlitslause feigingar...



Politiet pressar ut bråkmakarar.

sidan han berrsynt var der som provokatør og ikkje som observatør (men likevel heitte det i Kölner Stadt Anzeiger seinare på dagen at Pro Köln hadde kasta ut journalistar frå demonstrasjonen).

Politisk ukorrekt pastorinne

Det offisielle programmet på møtet tok med kvart til. Fyre dei offisielle talarane slapp til, var det eit utspel frå ei evangelisk pastorinne, sveitsiske Christine Dietrich. Under «Nazis raus!»-slagord frå mobben utanfor so las ho millom anna frå Bibelen um dei som vart forfylgde for det dei trudde på. Me vil ikkje attende til ei tid der folk vert forfylgde og trakasserte for sine meiningar. Ho poengterte dessutan at Israel stod i ei serstoda for mange kristne, og meinte at dette laut telja med i rek-nestykkjet når ein tok fyre seg spursmål som hadde med islam og muslimar å gjera.

Hovudtalar Filip Dewinter

Hovudtalar på møtet var Filip Dewinter. Dewinter takka tilhøyrarane for at dei var modige nok til å møta fram. Dewinter hadde ein gong trudd at det var demokrati i Europa, men diverre er det på mange måtar vorte eit politisk korrekt diktatur. Multikulturalismen hev gjort at me europearane ikkje lenger fær lov til å vera byrge yver kulturarven vår, og for kvar dag som gjeng vert Europa meir og meir islamisert. Masseinnvandringi trugar både vår identitet og vår velstand. Og masseinnvandringi og multikulturen fører til segregerte parallellsamfund. Multikultur skaper multikonfliktar og multikriminalitet, slo han retorisk fast. Og me europarar hev ein legitim rett til å verna um vår kultur og identitet.

Reconquista

Det same poenget vart teke upp att av den neste talaren, Robert Spieler, som sa det slik: Me vil ikkje ha eit tyrkifisert Tyskland

eller eit arabisert og afrikanisert Frankrike. Me vil ha Europa som det er!

Spieler meinte vidare at so lenge det ikkje var gjeve løyve til å byggja kyrkjor i Midt-Austen so var det ingen grunn til å godtaka moskear i Europa.

Spieler synte dessutan til Reconquista på 1400-talet då dronning Isabella tok Spania attende frå dei muslimske maurarane. I dag segjer mange at det er for seint og at kampen alt er tapt. Men hadde dronning Isabella stelt seg slike spursmål?

Um forfedrane våre hadde sett kva som gjekk fyre seg i våre dagar, so hadde dei sagt at her gjeng me til kamp. For kulturen vår, for identiteten vår, for æra vår og for fridomen vår. Og måtte me sigra, avslutta han til jubel frå folkemengdi.

Den kristne kulturarven

Harald Vilimsky lagde vinn på den kristne kulturarven som me hev havt i Europa. - Same um du er truande kristen eller ateist som han sjølv var, so er kristendomen ein part av vårt kulturgrunnlag og vår identitet. Dette skal me forsvara og taka vare på.

Harald Vilimsky adresserte dessutan bråkmakarane på utsida av demonstrasjonen: -Um de nyttar like mykje energi på å arbeida som de gjer på å skrika so hadde det vorte eit økonomisk under i Tyskland. Men når det ikkje er slik so kann de kanskje finna dykk eit islamsk land å reisa til i staden, so fær me for dykkar skuld vona at de vert betre tekne i mot der enn de hev teke imot oss her i Köln.

Tsjekiske og kataloniske nasjonalistar - og italiensk islamkritikar

Leidar i det tsjekkiske nasjonalistpartiet Narodni Strana, 34 år gamle Petra Edelmanna, heldt ei sterkt nasjonalistisk tala mot islamiseringi av Europa. Me vil ikkje ha nokor islamisering, dette er våre fedreland, og dei skal me verna um. Dette

handlar ikkje um noko mindre enn kva slags framtid me skal gjeva våre born, og me hev alle plikt til å verna um den europeisk fridomen og demokratiet, slo ho fast.

Islamkritikaren Adriana Bolchini vilde i tala si fortelja oss kvifor me ikkje ynskjer oss eit shariastyrt Europa. Til dette kom ho med ei rad døme på islamske menneskerettsbrot. Til dømes kunde ho nemna at det i islamske land var dødsstraff for handlingar som i Vesten snaudt var for lovbrøt å nemna. Eller at det i mange islamske land framleis er slaveri – og at ayatollah Khomeini hadde gifta seg med ei 11 år gamal gjenta. Dei som ikkje trur at Europa kjem til å verta underlagt islam kann ikkje ha høyrte kva det er dei islamistiske predikantane sjølv segjer: Islam skal sigra og me skal underkasta oss.

Ein katalansk nasjonalist, Josep Anglada, frå det kataloniske partiet Plattform Katalonia, gjekk til krasst åtak på islamsk fundamentalisme og militant vinstreestremisme. Mot desse ekstremistane må me verna um vår identitet og våre verdier. Muslimar som ikkje ynskjer å integrera seg må reisa frå Europa. Og i hans eige land, Spania, er det ogso mange menneske som aktivt motarbeider islamismen, so dei som var på dette møtet skulde vita at dei ikkje var åleine.

Det var ogso talor frå Annick Martin (MNR, Frankrike) og Jörg Uckermann (byrådsrepresentant, Pro Köln). Jörg Uckermann hadde tidlegare site i bystyret for CDU, men han hadde fenge nok av den politisk korrektskapan deira og difor meldt vrygang til Pro Köln.

Köln-kongressen vert årvis

Markus Beisicht hadde dei avsluttande ordi, der han slo fast at frå no av fekk styresmaktene finna seg i at det kvart år kom til å vera ein antiislamiseringskongress.



I motsetnad til den vinstre-radikale mobben so såg antiislamistane ut til å vera ein nokso normal gjeng...

Møtet vart avslutta med allsong på den tyske nasjonalsongen, medan tyske, franske, austerrikske, tsjekkiske, katalanske og israelske flagg vaia i vinden. Vinstreestremistane som var vortne lempa ut or demonstrasjonen stod attum politisperingane og freista yverdøya oss med piping og roping, men diverre for dei so var dei i vonlaust mindretal.

Videoar frå det opne møtet med alle talone finn du på PI-News:

<http://www.pi-news.net/2009/05/signal-aus-koeln-fuer-ein-freies-europa>.

På vegen ut att frå Barmer Platz og attende til Deutze Bahnhof, vart me møtte av den same gjengen med slagord som rasist og nazist som me vart på vegen inn. Medan dei roppte «Nazis raus!» til oss, so ropa me «Stasi raus!» attende. Elles so kunde idiotane på dette tidspunktet få lov til å ropa og skrika so mykje dei ville, for moralen hjå oss antiislamistane var på dette tidspunktet på topp: Me hadde vunne, og både me og dei visste det.

Trygg evakuering

Frå Deutze Bahnhof gjekk me alle um bord i eit tog som køyrde oss trygt ut or Köln bysentrum, og med stort politiuppbod ved endestasjonen. Herifrå byrja demonstrasjonstog å løysa seg upp. Sume reiste heim medan andre av oss samla oss på ein restaurant for å feira sigeren. Sjølv tok eg toget attende til Strasbourg klokka åtte um kvelden, men den endelege avslutningi av antiislamiseringskongressen kom fyrst sundagen med eit ope møte i Bergheim.

Men media diktar som vanlegt

Avisa Junge Freiheit rekna talet på deltakarar til å vera um lag 700 personar, og dette verkar på meg til å vera eit realistisk tal. Forvitnelegt nok hadde arrangørane ått motdemonstrasjonane venta seg 15.000 deltakarar, medan Politiet slo fast at dei ikkje vart fleire enn 1600 motdemonstrantar. Men i staden for å medgjeva at det faktisk var motdemonstrasjonen som var ein gigantisk flopp, so styd Kölner Stadt-Anzeiger og andre mainstream-media upp um motdemonstrantane med di dei yverdriv talet på motdemonstrantar til so mykje som 4000. Denne multiplikasjonen på tri er det same trikset som vart nytta den 20. september 2008 då dei kring 5000 motdemonstrantane i nyhendemeldingane brått var vortne til 15.000 (eller mange titusund, som Marte Michelet fekk seg til å skriva i Dagbladet).

Antiislamistane som møtte fram til Köln-kongress var utan tvil ein samansett gjeng, og det var ein styrke for kongressen at han hadde slikt eit mangfelde av meiningar og perspektiv på islamiseringsproblemet - frå hardkokte nasjonalistar og konservative til liberalistar og objektivistar. Og saman skal me slå islamistane attende!



Sigeren er vår!

Bergverksdrift ved Odals verk og gruvedrift i Kongsvinger

Av Lars Bjarne Marøy

I nokre av dei norske innlandsdistrikti vart det tilverka jarn av myrmalm. Det hadde likevel ikkje lukkast å arbeida fram ei norsk bergverksnæring i millomaldaren. Kongen hadde makt til å avgjera korleis malmfyrekomstar skulde utnyttast, og både fyre og etter 1537 sette kongemakti i gong bergverksdrift. I fyrste umgang var dei største prosjekt i Noreg knytte til Akershus og Oslo. Kring 1537 vart det gjort malmfunn i Telemark. Kongen finansierte leiting og lova bruksrett til den som fann malm. Leitingi vart lokalisert til Seljord og Fyresdal. Båe stader vart det utvunne koparmalm. Det vart òg sett i gong mindre drift på sylvhaldig blymalm i Bamble og på jarnmalm i Gjerpen.

I fyrste umgang vart det kulturkollisjonar millom bergmenn og bønder. Nokre hundrad bønder måtte taka hand um kring 80 bergmenn i Telemark. Det var ikkje lett. Det førde i fyrste umgang til oppstand der bøndene i 1540 jaga burt bergverksmennene. Kongen slo hardt ned på dette, og leidarane vart avretta. Etterpå vart bergverksdrifti intensivert. Det var likevel vanskeleg å skaffa nok mat, bygningsartiklar og brensel. I 1549 vart drifti stogga.

Den fyrste mislukka drifti førde likevel til gunstige langtidsværknader. Fossum jarnverk vart skipa i 1543, og det vart drive med vekslande hell frå slutten av 1500-talet. Staten hadde i det store og det heile lite bruk for norsk jarn på 1500-talet, og den private marknaden var liten. På 1600-talet endra dette seg. Staten starta rustningsindustri i Helsingør i 1590-åri. Våpenfabrikkane tufta produksjonen sin på norsk malm. På Sjælland og i Skåne vart det sett i gong malmleiting, men det viste seg å vera med sterkt nedslåande resultat.

Både i Eiker og Bærum vart det sett i gong malmleiting tidleg på 1600-talet. Det var lite å henta i bergverksdrifti på 1600-talet fyre ein kom til det som vart sylvgruvone på Kongsberg. Dei kom i drift på 1620-talet og var dei einaste gruvone kongen vilde ha kontroll med. Frå no av opna kongen for at private kunde få leita etter malm og driva andre former for bergverk. Kongen vart mindre interessert i å driva statskapitalisme og meir interessert i å skaffa seg inntekter frå skattlegging. (Aschehougs Norges historie, bind 5, den nye begynnelsen, 1995)

Jarnverksmonopol

Jarnverki i Noreg vart eit austnorsk fenomen og ligg i eit belte frå Odalen til Aust-Agder. Det rike arendalsfeltet forsynte dei fleste verki med den malmen dei trong. Jarnmonopolet frå 1730 til 1791 gav norske verk einere rett på sal av jarn i Danmark og Noreg.



Alt i byrjingi av 1600-talet vart det slutt på dansk jarnproduksjon. Ny leiting i Danmark var uaktuell, og den nyleitingi etter malm som vart gjort i dansketidi kom til å gå fyre seg i Noreg. Tri norske verk var store når det galdt gruvedrift. Fritzøe og Fossum var dei store når det galdt jarndrift, medan Kongsberg dreiv med sylvproduksjon.

Odals verk er gamalt, grunnlagt kring år 1700. Det er nok ikkje mange som er fullt klar yver det i dag, men verket er eit senter for ein av dei viktige næringsvegane i dansketidi, nemleg jarnverksdrifti. Det er vel ikkje unaturleg å knyta opprettingi av Odals verk til andre viktige hendingar i samtid. For det fyrste stod festningi i Kongsvinger reist kring 1683. For det andre var tidi kring 1700 eit vendepunkt i den militære utviklingi i Europa. Det vart bygt festningar og teke i bruk meir og betre skytevåpen og ikkje minst det vart halde ståande herar i land etter land. Noreg og Danmark vart vikla inn i den nordiske krig i åri millom 1700 og fram til 1719. Då kuliminerte ei tid der det hadde vore mange militære krigar og konflikhtar. Det skulde gå lang tid fyre det kom ein ny storkrig att.

Eigedomen som i dag utgjer Odals verk er stor den utgjer 900 dekar jord og 35 000 dekar skog. Verket vart grunnlagt på slutten av 1600-talet og hev havt mange ulike eigarar. I 1868 vart Odals Verk kjøpt opp av ei gruppe forretningsmenn frå Eleverum, med millom andre Helge Berger og Henrik Opsahl. Etterkommarane deira eig Odals Verk i dag.

Verket er eit aksjeselskap.

Verket vart starta som næringsverksemd på slutten av 1600-tallet. Svensken Lars Robsahm fann då jarnmalm i grunnen på Vallstad gard, der Odals Verk ligg i dag, og i det som vart Fossgruva i Kongsvinger. Han utnytta fossekraft for å driva jarnverket med stangjernshamarar. Vassdraget frå åsryggen mot Kongsvinger i nord vart demma opp for å magasinere vatn til å driva vasshjuli på verket. Resultatet av oppdemningane er Fløyta,

Vallsjøen og Gjøralsjøen, og fleire mindre tjern i vassdraget. Ei omnsplate frå Brandval i Kongsvinger hev inskripsjonen «Odals Verk 1704» innstøypt, so det må ha vore prøvedrift alt nokre år fyrr Klas Johansen kjøpte garden Vallstad med Odalens jarnverk 8. Mai 1708.

Steinkol var den drivande krafti for at jarnverket kom i gong og i perioden 1710 til 1717 var det ein del produksjon på Odals verk, men etter dette gjekk det dårleg, og drifti hadde stogga heilt opp i 1723. Den fyrste og største hindringi for å få verket i gong att skulde ha vore at «Faas-malmen medfører saadan strængheid, u-art og vanskelighed at den paa ingen maade har villet lade sig i Masofnen forsmelte».

Fossgruva på Kirkhus i Kongsvinger, Sæteråsgruva på Sæter i Kongsvinger og Grimslandsgruva på Odals verk var dei fyrste gruvone i drift, og alle tri var i drift so tidleg som i 1707. Malmgangen i Fossgruva gjekk i retning frå nordvest til sudaust og heldt fram i dagen med umlag 200 sjaktar. Langs denne strekningi var det avsøkt elleve stader. På ein av desse stadene låg eit stort malmbrot; Storgruva. Denne gangen hadde stor og rein malm. Fossgruva var tvillaust den viktugaste gruva i jarnverket sin fyrste driftsperiode. I 1732 kom 91 % av malmen ved verket frå dette "skurvet". 9 % av malmen kom frå Sætergruva. Grimslandsgruva og Svarttjennsskurvet på Odals verk gav veldig lite og dårleg malm. Malmvegen frå Kirkhus sudyver til Odals Verk var umlag to mil lang og gjekk yver skogen. Delar av vegen er framleis synleg i dag.

http://no.wikipedia.org/wiki/Odals_Verk

Ramsøy-gruvone

Umrådet kring Ramsøy berre nokre kilometer frå Brandval-brui er eit svært malmrikt område. Umrådet der gruvone ligg vert kalla Gruvåsen og hev fleire hundreårs soga å visa til. På 1500-1600-talet kom ein ny måte å utvinna jarn på. Det vart aktuelt å brjota malm

i fjellet som vart smelta i masseomnar. Den fyrste drifti ved Gruvåsen i Brandval var ved Ramsøy-gruvone i området som no vert umtala som Gruvåsen. Andre namn på dei tri åsane i området er Nesvarden, Kalvåsen og Kolåsen. Kolåsnamnet skal skriva seg frå den tidi då koplingi til Odals verk kom til. I 1739 fekk bøndene pålegg um å brenna trekol til Odals verk og den brenningi skal ha bore til i same området som der Gruvåsen ligg.

Vegen frå Odals verk til Ramsøy vert kalla for Malmvegen. Den er berre på 15 kilometer, skulde ein til samanlikning reisa den vanlege allmannavegen um Vinger, var den dubbelt so lang. (Brandvalboka, s. 374 og 375)

Arbeidet med å brjota malm tok truleg til her kring 1708, og det var truleg millom anna for å skaffa malm til Odals verk at arbeidet tok til. Odals verk stod reist kring år 1700.

Det er ikkje lett å finna gruvone her og ein kann nytta mange timar på å leita seg gjennom attgrodd skog um ein ikkje gjeng rett veg. Når ein fyrst kjem til det myrlende landskapet like ved veggen, er det derimot lita å utsetja på tilretteleggjngi av gruvone for sagemedvitne menneske. Det er all mogleg grunn til å takka Halvor Fosseid og ev. hjelpsmenn for framifrå merking og vern av dette unike kulturlandskapet.

Når ein passerar Brandval-brui kjem ein etter nokre fåe kilometer til eit busstopp. Her er det berre å klyva av, so kann ein gå rett upp i skogen bakanfor.

Etter nokre hundre meter kjem ein til gruveområdet. Det er samansett av fleire gruvor. For dei som vil leita upp fleire gruvor skal det nemnast at dei gruvone som vert nemnde i Brandval-boki s. 377 er: Larsgruven I-III, Ravgruven, Smiugruven I,II, II, XI og X, Storgruven, Heimsgruven, Morfarsgruven, Oksegruven, Kathrineberg og Minaberg.

Spetalengruvone

“Brandval-boka” meiner at Spetalgruva må ha vore i drift alt kring 1643 og at det truleg var den svenske bergmeisteren, Harald Olofson, som styrde med henne. Den svenske direktøren Lars Robson kunde driva gruva godt



Malmvogn nedanfor Spetalgruvone

millom 1685 og 1700. Han henta blandingsgods frå Värmlands jernmalmgruvor, likeins kalkbrot. Førselsvegen gjekk yver Vestmarka og Almenningsskogen til Spetal. Då det vart krig i 1700 måtte Robson attende til Sverige, men Odals verk var i drift.

Det vart òg uråd å få tilførsel frå Värmland i krigstidi, so no vende ein seg til Vormsund, der fekk ein kalkstein. Malm fekk ein frå Ramsøy og Trøftskog-gruvone i Nord-Odal. Brandval-boka 374-379

Eyvind Lillevold hevdar i boki Vinger og Eidskog at det ikkje er grunnlag til å hevda at Spetalgruvone var i drift fyre kring 1730-talet. Hadde dei vore i drift fyre dette, vilde ikkje Odals verk ha stogga upp drifti, for Spetalgruvone hadde ein svært fin kvalitet på malmen. Lillevold meiner at når lønsemdti gjekk sterkt upp og fekk liv i Odals verk med Spetal-gruvone, so vilde det same ha skjett um det hadde vore gjort tidlegare.

Dei neste åri vart iallfall Odals verk drive med vinst fram til 1830-åri. Fyrst i 1877 vart drifti ved Spetalgruvone heilt slutt.

Millom Bæreia og Sjukeheimen på Skyrud i Kongsvinger ligg det til saman kring 60 gruvor. Gruvone ligg yver eit svært stort område, og det er vanskeleg å få med seg alt på berre ein eller nokre fåe turar. Ein kann vel like fullt segja at dette er til motivasjon for turgjengarar og andre som hev ferdsla i området. Det er råd å gjera mange interessante funn.

På Skyrud-sida stend det att restar frå gamletidi millom anna ei malmvogn.

Umrådet er godt merka med raude markeringar på tre og pinnar, so det er ikkje vanskeleg å finna fram.

Den fyrste gruva ein finn når ein kjem upp frå Skyrudsida er langt større ei dei gruvone ein finn ved Ramsøy i Gruvåsen. Her kann ein berre ana djupni på og umfanget av gruva.

Framstillingsmåte og bakgrunn

Ein kann tenkja seg at det var folk med kunnskapar frå utanlandsk gruvedrift, ev. gruvedrift innanlands som var sentrale i å starta gruvedrifti. Dei må iallfall ha visst kva dei var på jakt etter, for det er store sprang millom dei einskilde gruvone. Det ligg gruvor i heile Kongsvinger, kannhenda framfor alt på nord-vestsida mot Brandval, men viktigare gruvor i området millom Skyrud og Bæreia.

Ein kann tenkja seg at kunnskapsrike personar i tilknytning til Vallstad-gard høyrde seg fyre med bønder i området um dei kjende til spesielt malmrike område. Mineralane hadde ein sermerkt utsjånad og bøndene var mykje ute i skog og mark. Då var det naturleg at dei oppdaga interessante område.

I gruvone vart malmen driven ut ved å varma fjellet med bål av fyrsetjing/setjeved. Deretter vert det hevda at malmen vart avkolna med kaldt vatn, slik at han vart sprø og kunde knusast.

Men Øystein Rian tek eit oppgjer med



Den fyrste spetalgruva frå skyrudsida

denne oppfatning i Norges histori bind 5, s. 99. Rian peikar på at fjellet sprakk på grunn av at varmt fjell kom i kontakt med omkringliggjande kaldt fjell. Av og til vart det bruka krutt til å sprengja ut fjell, men bruken var avgrensa fordi prisen på krutt var høg. Kruttet vart lagra i et eige krutthaus. Krutthuset er den einaste bygnaden frå sjølve jernverksdrifti som framleis stend att på Odals verk.

Malmen vart frakta til verket for å verta reinsa i rostesengene og pukka ut fyrr han gjekk til masommen. Det jobba en rostbrennar, ein “holdholder” og tre malmpukkarar på Odals verk i 1801. I masommen vart malmen bore i traue til omnen etter fastsette mål. Sekstan traue malm og ein lest trekol vart kalla ei oppsetjing. Ei slik oppsetjing skulde stå i omnen og søkka sakte for å gjeva godt resultat. Utslaget vart gjort etter fem til seks oppsetjingar og eit nytt vart sett på. For utslagsopningi sto det ein leirklump som vart fjerna med spett, og jarnet rann ned på sanden i hyttegolvet. Arbeidsstokken i smeltehytta var ein masmeister, tre masomnarbeidarar, tre kolharkarar og tri mann til å rulla slagget og arbeida på hyttegolvet. Når jarnet skulde formast var det tvo formarar. Jarnet vart støypt til omnar, grytor og anna eller forma til smeltestykke for “stangjernshammeren”.

Frå masommen gjekk smeltestykki til hamrane, som det vart tvo av mot slutten av 1700-tallet. I tillegg vart det sett upp ein spikarhamar i 1783. Åtte hamarsmedar, ein knipsmed og tri spikersmedar hadde arbeid på Odals verk i 1801. Ved desse hamrane vart smeltestykki smidde eller rekka ut til stangjarn. Jarnet vart gløda i dei store herdane og under uttrekkingi vart dei reinsa for slagg og ureinleikar. Fagarbeidarane var for det meste svenskar, medan grovarbeid som ikke kravde fagkunnskap vart gjort av odølingar og grannesokningar. Dette kunde vera malmbryting, vedhogging, køyring og anna arbeid.

Kjeldor

Norges historie, Aschehoug, bind 5, Øystein Rian, 1995

http://no.wikipedia.org/wiki/Odals_Verk
Brandval-boka, Gunnar Mandt, redigert av Ottar Weberg etter forfattarens død, 1953
Vinger og Eidskog, Eyvind Lillevold, 1965

Språkteigens prioriteringar

Av Tore Lund

Dei ti spursmáli nedanfyre hev eg tri gonger sendt inn til NRK sitt Språkteigen-program i P2. Og alle tri gongene: Ingen reaksjon. Dette undrar meg, av di eg veit at dette er spursmål som vil interessera mange språkinteresserte. Endå meir undrar det meg når eg høyrer alle dei likesæle og meir eller mindre toskute spursmáli som lydarane sender inn! So no let eg lesarane åt Målmannen få sjå på spursmáli mine:

Ti spursmål um korrekt målbruk:

1. Kvifor heiter det på dagsens nynorsk ein «leiar» utan d? Kva er gale med «leidar» når det er lov å skriva «heider»? Det er ikkje noko argument at i nynorsk skal d'en som regel ikkje uttalast millom tvo vokalar. Ordet kjem frå gamalnorsk leida. Og i dette høvet avvik den nynorske ortografien frå bruken i andre germanske mål. Bokmål og dansk «leder», svensk «ledare», tysk «Leiter» (her er ein opphavg d vorten til ein t).

2. Kva er den språklege grunngevingi for forbodet mot tvo m'ar i slutten av eit ord? Infinitiv «å komme» (tvo m'ar). Men imperativ «kom!» (ein m). På eit germansk mål som tysk er det heilt OK å avslutta med tvo m'ar. Her heiter imperativet «komm!»

3. Me skriv substantivet «musikk» med tvo k'ar, men adjektivet «musikalsk» med ein k. Tilsvarande: «teknikk» og «teknikar». Dette for skuld ulik framtoning i dei tvo ordformene. Soleides skriv me «semit» med tvo t'ar og «semitisme» med ein t. Eller gjer me ikkje det? Kvifor i all verdi skal ordet stavast «semitisme» med tvo t'ar? Her er då framtoningi flutt yver til nest siste stavingi! Då kunde me like godt ha skriva «musikkalsk» med tvo k'ar. Jamfør substantivet «plass» og verbet «plassera», som tidlegare vart skriva «plaser» med ein s.

4. A propos nyårsfeiringi: «En mann bragte rakettene på plass, og dermed brakte det løs» (Kursivert ord nummer tvo kann ogso heita «braket»). Det fyrste av dei tvo kursiverte ordi vert uttala med stutt a og det andre med lang a. Men no er det ikkje lenger nokon ortografisk skilnad på dei tvo ordi, bae skal stavast brakte, endå både uttala og tydingi er ulik. Tidlegare vart imperfektum av å bringa stava bragte med g, dette som ei logisk fylgja av at både infinitiv og presens bringar ein g med seg. Kva er fyremunen med å viska ut skilnaden millom bragte og brakte. Ein fyrte

(brakte) vel ikkje av rakettane for tidlegt? Og dimed skulde alt vera sagt. Eller kanskje sakt?

5. I vermeldingane både på TV og radio høyrer eg stødt sokalla nynorskbrukarar som talar um lavtrykk. Eg trudde det skulde heita lågtrykk på korrekt nynorsk? Um det framleis eksisterar noko som heiter korrekt nynorsk, då!

6. «Anbeheitelse»-ordi er framleis ikkje heilt gangføre i nynorsk (men berre vent...). I bokmål hev me til dømes ordet uttalelse, som på korrekt nynorsk heiter fråsegn (å segja frå). Kor som er, no er nynorsk vorten fin på det og skal knota etter bokmålet. Men for å sleppa -else hev noko fenge ein alle tiders idè: Fråsegn vert til uttale! Men ei uttala er då slett ikkje det same som ein uttalelse. Ein person kann til dømes godt koma med ein uttalelse, jamvel um han hev dårleg uttala. Men på nynorsk skal also denne språklege skilnaden viskast ut. Verst for nynorsken!

7. På nynorsk heitte det tidlegare millom anna kvefs, kvelp, kvervel, korkje. Men no tykkjer visst nynorskforkjemparane at det læt finare på bokmål: hveps, hval, hvirvel, hverken. Dessutan var det visst urimelegt å krevja at alle vilkårssetningar på nynorsk skulde innleidast med konjunksjonen dersom. Nei, i demokratiet sitt namn som må jamvel hvis kunna nyttast!

Men då fær me eit problem, for ingen kvanlege nynorsk ord tek til med kombinasjonen hv. På nynorsk byrjar dei som kjent med kv. Men problemet let set lett løysa: Me sløyfar berre h'ane, og vips hev me både veps, valp, virvel, verken og viss. Men me kann då ikkje skriva dei same ordi ulikt på bokmål og nynorsk (kvifor ikkje, forresten?). Og difor lyt den nye rettskrivingi gjennomførast for bokmål med. Men vert ikkje dimed viktuge tydingsskilnader viska ut? «For viss det er slik, kan jeg verken være viss på om de snakker om verken i hodet mitt eller noe annet!» Og held utviklingi fram, so heiter det kanskje på nynorsk ein dag at «det du viska i øyra mitt, det hev eg no viska ut på papiret». Men til all lukka heiter det framleis kviskra på nynorsk. So lenge det varer!

Samstundes held dei fleste hine hv-ordi på bokmål fram i same form som tidlegare. Men kvifor denne skilnaden i skrivemåte? Me kunde då gjera som svenskane, som for yver hundrad år sidan kvitta seg med alle desse stumme h'ane. Svenskane skriv då vem, vad,

vilken, vila, vit osv. Dessutan hadde det kanskje vore ein fyremun um dei tri nordiske broderfolki i størst mogleg mun stava sams ord likt?

8. Eg høyrer stødt i radio og fjerssjå at namni Kyrre og Ketil vert uttala med k-lyd i staden for kj. Det er berre skrivemåten Kjetil som vert uttala rett. Og når skal norske operaelskarar slutta å stava Wagners «Die Walküre» på dansk vis som Valkyrien, uttala med k-lyd og framtoning på y-en? Det heiter då ei valkyrje på norsk, uttala med kj-ljod og framtoning på a!

Kvifor er det forresten forbode å skriva «Kjyrre»? Jau, av di «i-en og y-en gjekk ein tur til byen, på vegen fekk dei j-en sjå, men vilde ikkje med han gå», lærde me på skulen. Men me brukar då elles kombinasjonen kj framfor andre konsonantar. Kvar er logikken? Det er då nett denne inkonsekvensen i stavemåte som er årsak til den ovanfor nemnde bisnelege ranguttala.

Men svenskane og danskane er meir fylgjerette. Hjå deim byrjar tilsvarande ord i skrift med einfeld g eller k som på gamalnorsk, jamvel um ordi på svensk (til liks med norsk) vert uttala med kj eller j i byrjingi: kyrka, kära, köra og göra, gärde osv. So her lyt me norske passa på å ikkje fornærma svenska når me uttalar namni Göran og Gösta.

Helder ikkje fyre diftongen ei er j godteke. Me skriv geit og geipe, men me segjer «jeit» og «jeipe». Men me skriv eit kjei. Jamvel um kjeiet verkar litt keitete utan h! Samstundes lyt me passa på å ikkje fornærma ibuarane i Geirangen og på Geilo. Men mest sannsynlegt fornærmar me ikkje Gisle og Gyda av di det hev vorte vanlegt å uttala namni deira rangt. I forbifarten minnar eg um at det i år er hundrad år sidan komponisten Geirr Tveitt vart fødd. Og han var svært kontant på at fornarnet hans skulde uttalast som «Jeir». Jamvel um NRK sin praksis var ein annan.

Substantivet jente vart tidlegare skriva gjente med g av di det er avleidd av verbet å gantast (skjemta, fjasa). No er g'en teken burt. Men also framleis med i ord som gjeng, gjennom, gjerne, gjest, gjete. Kvar er logikken?

9. I bokmål møter me stødt sambandet «de som», sjeldan «dem som», anten pronomenet er subjekt eller ikkje. Men me kann då ikkje segja «du sa til jeg som», «vi møtte du som», «han så vi som». Og i språk som hev kasus, som gamalnorsk, tysk og latin, kann

pronomenet ikkje standa i nominativ um det ikkje er subjekt. No er eg klår yver at forni «dem» til liks med «ham» er på veg ut or språket, men den ovanfor nemnde bruken ser eg jamvel hjå skribentar som eller nyttar både «ham» og «dem».

Det er vorte meg fortalt at i sambandet

«de som» kann «de» reknast som påpeikande pronomen. Jamfør engelsk «I told those who». Men danskane segjer konsekvent «til dem som» og svenskane «til dom som». So til «dem som» er samde med våre broderfolk, vil kanskje Språkrådet segja at det er «dei som» tek i miss?

10. Til slutt: Kva slags reglar gjeld for um eit ord skal slutta på -nd eller nn? Til dømes ordet grunn, som på alle dei hine germanske måli hev -nd. Dansk, svensk, tysk: grund, nederlandsk: grond, engelsk: ground. Kanskje mitt etternamn burde skrivast Lunn?

Milleniumstrilogien - sers umtykt krim frå Sverige

Av Lars Bjarne Marøy

Milleniumsbiografien er skriven av den svenske journalisten og forfattere Stieg Larsson. Den er samansett av bøkene Menn som hatar kvinner, Gjenta som leika med elden og Luftslettet som vart sprengt. Millennium er det tidsskriftet som den eine hovudpersonen arbeider i. Han heiter Mikael Blomkvist, og er ein kjendisjournalist som er vant til å gå sine egne vegar. Den andre hovudpersonen er Lisbeth Salander som hev vore utsett for statlege yvergrep i ung alder. Salander er dessutan er skruppellaus datahacker som ikkje gjeng av vegen for å svindla kvit-snippbrotsmenn for pengar.

Då Jan Gullieu gjekk sterkt ut og gjorde den avdøde Larsson til lått med eit utspel, vart eg provosert. Eg såg filmen, og det gav utruleg stor meirsmak. Eg enda opp med å lesa ut dei tvo neste bøkene i serien på tri vikor. Eg kort og godt las dag og natt. Dette er bøker som verkeleg grip deg. Ei rad kollegaer, vener og kjende hev dei same røynsone som meg.

Eg sit enno att med spørsmålet um kva det er som er so gripande med desse forteljningane. Det vil eg gjerne freista å svara på. Eg startar med handlingi frå den fyrste boki.

Menn som hatar kvinner

Menn som hatar kvinner er ei forteljing um eit nærmast klassisk motiv i kriminalitteraturen i dag, incest og yvergrep mot familiemedlemmer. Den kritiske og avslørande journalisten Mikael Blomkvist hev akkurat vorte dømt for ærekrenkjingar mot forretningsmannen Wennerstrøm. Blomkvist hev fleire gonger vist seg som ein suveren journalist med store og epokegjerande avsløringar, men denne gongen hev han gjenge lengre enn det tilfanget hans held.

Det er eit halvt år til Blomkvist skal i fengsel, men han vel likevel straks å trekkja seg frå bladstyret i bladet Millennium. Fyrr han veit ordet av det vert han rekruttert til eit nytt oppdrag. Den rike forretningsmannen Henrik Vanger er no 82 år. Han hev freista fleire gonger å få svar på kvifor brordotteri (niesa) hans Harriet vart burte i 1966. Ho berre forsvann, og sidan hev han aldri sett henne. Heile tidi hev han fenge innråma

broderi. Desse innråma broderii fekk han kvart år på fødselsdagen sin frå Harriet. Han skynar ikkje kvifor han framleis fær desse broderii tilsende kvar einaste fødselsdag.

Blomkvist er skeptisk til at han kann greida å få fram nye spor, men han tek på seg oppdraget. Han flytter til Hedeby og tek opp jakti på spor. Det han ikkje veit er at eit tryggjingsfirma som Vanger-konsernet og Henrik Vanger nyttar hadde tilsett Lisbeth Salander til å driva undersøkjingsarbeid på Blomkvist. Ho held fram med å yvervaka Blomkvist og framdrifti i arbeidet hans.

Eit hovudproblem i etterforskjings- og granskingsarbeidet av Harriet-saki er korleis ein skal tolka nokre namn med nummer etter seg. Det er ikkje telefonnummer eller andre tenkjelege nummer. Politiet hev freista å snu opp ned på alle desse nummeri, men dei hev ikkje kome fram til nokor meiningsfull løysing.

Det er no at Lisbeth Salander slær til. Ho tolkar namni og nummeri som sitat frå bibelen, og då teiknar det seg eit interessant bilete. Kva um dei einskilde personane er drepne etter instruksjonar frå mosebøkene? Blomkvist vert fascinert av denne tolkingi som han fær frå Lisbeth som heile tidi hev hacka seg inn i datamaskina hans.

Han greider å spora opp Lisbeth og kjem heim til henne. Han formanar henne um å hjelpa han i å etterforska saki vidare. Og Lisbeth flytter inn hjå Blomkvist i Hedeby. Der byrjar dei å få på plass eit mynster. Det viser seg at ei rad kvinner som stemmer med nedteikningane i Harriets dagbok hev vorte myrda på ulike stader i Sverige. Sakene hev aldri vorte oppklåra.

Etterkvart som Blomkvist og Salander reiser frå mordstad til mordstad, fær dei på plass eit mynster i mordi. Det interessante er då kven som hev motiv og kann ha vore på mordstaden kvar einaste gong. Dei mistenkjer nokon frå Vanger-familien og byrjar å undersøkja saki frå den vinklingi. Medan Selander gjeng gjennom rekneskapspermar, er Blomkvist på innbrotssraid hjå Harald Vanger. Han vert avslørd, men berga av Martin Vanger som tilfeldigvis er på same stad.

Då Blomkvist fortel um granskingane til Martin Vanger, vert han neddopa og vaknar opp i Martin Vangers personlege avrettingsrom. Her fær han vita at Martin likar å drepa kvinner som ingen saknar. Han lærde det av faren Gottfried Vanger, men Martin slær samstundes fast at han ikkje drap Harriet, det fekk han ikkje høve til, segjer han.

Akkurat då Martin er i ferd med å drepa Blomkvist kjem Salander. Ho fær jaga Martin og frigjort Blomkvist. Ho fylgjer etter Martin Vanger på motorsykel. Bilen til Martin vert ustødug av di han gjer alt for at Salander ikkje skal taka han att. Til slutt fer han utfor vegen, og bilen eksploderar og brenn opp.

Men saki er ikkje oppklåra enno. Blomkvist slær fast at Harriet ikkje kann ha vorte drepent av Martin. Salander finn ut at det var tvo med namnet Anita Selander. Den eine er død, men den andre er det noko uavklåra med. Det fører Blomkvist til Australia der han finn Harriet. Det viser seg at Harriet vart valdteken av gamle Gottfried og Martin. Ho kom seg undan Gottfried, men han fylgde etter, og det enda med at ho måtte slå han i sjøen med ei åra. Gottfried drukna i samband med den kampen som var millom han og Harriet. Martin var vitne, og Harriet var i ein pressa situasjon. I fyrste umgang var ho heldig, for Martin vart sendt på skule langt burte, men då han kom heimatt fekk ho panikk og flykta og hev vore på rømmen heilt til Blomkvist fann henne i Australia.

Blomkvist hev no kome til den tidi då han skal sona for ærekrenkjingane imot Wennerstrøm. I fengsel fær han opplysningar som Selander hev hacka seg fram til. Tidi i fengselet vert nytta til å taka det oppgjeret med Wennerstrøm som han mangla opplysningar til fyrr. Samstundes med at han skriv um Wennerstrøm, viser det seg at ei kvinna hev greidt å taka ut store pengesummar frå ein bank der Wennerstrøm hev pengar. Blomkvist

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

identifiserar henne som ei utkledd Lisbeth Salander. Her sluttar den fyrste filmen.

Salander er ei svært spesiell dama. Kritikarane hev serleg fokusert på den måten ho hev samlægje på. Det er fort og kontant, og kritikarane hev samanlikna det med den måten ein mann hev sex på. Det er openbert at Salander hev vore gjennom sterke yvergrep, og ho er umyndiggjort i ein alder av 26 år. Det er nokso spesielt.

Me fær ikkje vita stort um bakgrunnen for det, men Salander verkar avstumpa og veldig direkte i alt ho gjer. Ho maktar ikkje å vera personleg. Ho hev fotografisk minne og er ein genial datahacker.

Blomkvist er den einvise og djerve etterforskande journalisten med ei lang og solid fortid som journalist. Heile redaksjonen på Millennium likar han. Han er hendig for Salander som ikkje likar å stå fram og fortelja det ho veit. Ho legg berre fram fakta og maktar ikkje å samtala med folk. Ho stikk undan kvar einaste gong politiet kjem, og det er Blomkvist som med si logne ro kann greida upp i slike saker. Han er heilt tydeleg ein mannstype som Salander ikkje hev vorte serleg kjend med. Ein stødug mann som ikkje berre er i interesert i å misbruka henne eller prata pjatt. Det er ho som tek initiativ til samlægjone, og han bryr seg i utgangspunktet lite med det heile.

Gjenta som leika med elden

Her møter me Lisbeth Salander på ferie i Karibien. Etter at Wennerstrøm-saki var avslutta hadde ho nær kontakt med Blomkvist, men so fekk ho nok. Me fær ikkje vita so mykje um kvifor, men ho umtalar Blomkvist som "Kalle jævla Blomkvist" både her og seinare i boki. Kor som er Salander hev vorte rik. Det gjer at ho kann leva godt og gjera det ho vil. Og slik vert det òg. Ho reiser omkring og oppheld seg kvar ho vil. Då ho vert utsett for eit tropisk uver, vert reiselysti mindre.

Samstundes med at Lisbeth er på reise for

arbeider Millennium med ei sak som gjeld menneskesmugling. Ein sjølvstendig journalist hev grave fram ei unik sak som rårar mange personar i ulike lag av samfundet. Saman med kona si hev han solid dokumentasjon. Ho skal disputera for doktorgraden, medan han skal gjeva ut bok, samstundes med at det kjem ut eit temanummer av Millennium.

Midt uppe i dette kjem me inn på eit sidespor frå den fyrste boki. Lisbeth Salander hev ein lang vond historikk i høve til offentlege styremakter. I trettenårsaldaren freista ho å taka livet av faren sin som mishandla mori. Seinare vart ho sperra inne på psykiatrisk sjukehus. Deretter vart ho sett under formyndarskap og er formelt sett framleis umyndig i ein alder av 26 år. Då verjen hennar Henrik Palmgren vert alvorleg sjuk, vert ho tildelt ein ny verje, advokat Bjurman. Bjurman viser seg å vera ein pervers gris. Han valdtek Salander, men Salander fær filma det eine yvergrepet. Deretter yvermannar ho Bjurman bind han og viser han filmen. Ikkje nok med det ho brukar utstyr til å tatovera inn ein inskripsjon på magen hans som segjer at han er eit sadistisk svin og ein valdtektsmann.

Gjennom datahacking greider Salander å halda Bjurman under uppsikt. Bjurman er desperat. Han vert sjukemeldt, og vert ekstremt uppteken av å finna ut alt han kann um Salander. Slutten på Bjurmans forteljing kjem me til når han hev funne ein person som hev same grunn til å hata Salander som han sjølv.

Blomkvist og menneskesmuglarjournalisten samarbeider. Dei kjem svært nært innpå noko mystisk som dei ikkje skynar noko av når namnet Sala, dukkar upp. Dette skal vera ein mystisk person som opererer i grenselandet millom menneskesmuglarane. Ingen veit kven han er, men fleire personar veit at dette er ein sentral person.

Saki tek ei ny vending då Salander hev

kome attende til Sverige og vitjar menneskesmuglarjournalisten og kona hans. Det endar med at journalisten tek ein telefon til advokat Bjurman. Bjurman og ekteparet vert kort tid etter funne drepne av Mikael Blomkvist.

Etter kort tid vert det klårt at Lisbeth Salander kann ha spela ei sentral rolla i høve til mordet. Lisbeth vert etterlyst av politiet og hengt ut i pressa, men held seg i dekning i Stockholm likevel.

Blomkvist og Salander byrjar å nysta i saki frå kvar ein kant. Det vert etter kvart klårt at Sala er far til Salander. Han er ein avhoppa russisk GRU-agent. Det vart difor viktig å leggja lok på saki med Salander som vilde drepa faren. No er Sala menneskesmuglar. Han er ein mystisk bakmann som saman med Salanders halvbror, ein av mange i ulike land, driv med smuglingi. Halvbroren til Salander er den tyske Niedermann. Niedermann er tvo meter høg. Han hev tvo mystiske syndrom som gjer at han for det fyrste ikkje kann kjenna smerte, og for det andre at han hev utrueleg sterk beinbygning. Det gjer at han er ein svært vanskeleg mann å nedkjempa i slåtkampar.

Me vert kjende med dette "monsteret" gjennom at han kidnappar Salanders veninna, Miriam. Proffbokssaren Paulo Roberto skal frigjera Miriam, men sjølv ikkje ein boksar i verdsklasse er nok til å nedkjempa Niedermann, men gjennom hjelp frå Miriam greider Roberto til slutt å få Niedermann i golvet, men baae tvo hamnar på sjukehus med store skadar etter at dei greider å flykta.

Gjenta som leika med elden endar òg med ein durabeleg serie av vald då Salander møter faren og Niedermann. Faren vil drepa Salander. Han fær yvermannna henne. Niedermann og Sala fær gravlagt henne levande med tri skot i kroppen, men tri skot og å verta gravlagt levande er ikkje nok for Lisbeth Salander. Ho kjem seg upp att av gravi og attende til garden der faren og Niedermann



NYNORSK
ANTIQUARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

uppheld seg. Der gøymer ho seg i eit skur. Då faren kjem fær han ei yks i andletet og skulderi og vert sett ut av spel. Niedermann fær sjokk når han ser Salander. Han trur det er eit spøkjelse og stikk av. Salander kravlar seg inn i gardshuset.

I millomtida hev Mikael Blomkvist kome seg fram til gardsvegen. Han møter Niedermann på veggen og greider utruleg nok å binda og ufårleggjera kjempen. Han held fram til garden. Der finn han Salander og fær tilkalla luftambulans. Her sluttar boki um gjenta som leika med elden.

Den andre boki gjev seg also på høgdepunktet. Det er eit forrykande tempo i denne boki. Det er vanskeleg å fylgja med og mange trådar vert hengjande i lause luft gjennom forteljingane. Mykje av skildringi gjeng seg i tankane til Salander og til Blomkvist og for den del i tankane til andre personar. Det er nesten ufråkomeleg å måtta hoppa yver nokre detaljar som seinare kann syna seg å verta viktige.

Det er verd å merka seg at miljøschildringane dekkjer alt frå motorsykkelmiljø, skildringar av folk som lever i gråsona til å vera kriminelle og folk som lever godt på innsida av eit kriminelt miljø. Tilhøve millom politi og pressa kjem i søkjeljoset både her og i neste bok.

Medan den fyrste boki i liten grad tek upp tilhøve som gjeld Salander, byrjar bok nummer tvo å byggja upp ein sympati for Salander som etter kvart skal verta sterkare og sterkare. Salander utviklar seg derimot lite. Me vert meir kjende med henne, men ho er den same asosiale og servorne personen, trass i at ho vågar å taka ein brjostoperasjon, fær sett Henrik Palmgren under den beste helseerøkt ein kann få for pengar og opnar seg upp for einskildpersonar då ho er på ferie i Karibien.

Temaet i denne boki vert litt vanskeleg å krystallisera ut av di det er berre ein del av ei forteljing som held fram i neste bok. Men ein kann kannhenda lesa boki som ein kriminalroman. Niedermann vert avslørd som mordaren og fanga av Blomkvist. Kannhenda er det råd å lesa inn menneskesmugling som tema, men dette er fram for alt ei millombok. Det er etter at ein hev lese bok tri at ein kann byrja å nysta trådane saman. Det ein kor som er kann slå fast er at høgdepunktet i heile trilogien truleg ligg ein stad millom bok tvo og tri.

Luftslottet som vart sprengt

Når me kjem yver til bok tri er Salander og faren hennar komne på sjukehus. Faren kann fort koma til å verta eit trugsmål mot den veike Salander. Salander hev trass i alt vore

igjenom ein operasjon i heilen, der ei kula måtte fjernast. Politiet er interesserte i å snakka med dei båe. På toppen av det heile greider ein inkompetent politimann å sleppa laus Niedermann som svarar med fleire drap.

I denne boki stend konspirasjonen mot Salander fram for fullt. Då Salander var 13 år vart ho innesperra på psykiatrisk klinikk. Der låg ho fastspent på ei seng i 388 døger. Psykiateren Trelleborian hadde fenge instruksar frå ei eigi deild innanfor tryggjingspolitiet um korleis Salander måtte haldast ute av spel. Mot alle prognosar greidde Salander å koma seg ut frå klinikken. Den nye styraren på klinikken greidde å få henne ut, utan at Trelleborian kunde hindra det. Salander var i fleire fosterheimar fyre ho møtte Henrik Palmgren som vart formyndar for henne. Palmgren sytte for at ho kunde få eit normalt liv med stort sjølvstende, og han hjelpte henne med å få jobb hjå Milton Security, eit firma som arbeider med å installera tryggjingsalarmar og å skaffa folk tryggleik på andre måtar, millom anna gjennom livvakter.

Tryggjingspolitiet hadde stor nytte av Sala fram til den kalde krigen tok slutt, og det var svært viktig for dei å halda han gåande og i løynd under den tidi. Etter at den kalde krigen tok slutt hev det viktigaste vorte å kamuflera det som skjedde og hindra at deildi deira skal verta nedlagd. Kjem soga um Salander ut, vil dei verta avslørde og ikkje ha nokon sjanse til å stogga nedleggjingi av deildi.

Det er soleis viktige interessor på spel for det som Blomkvist etter kvart kallar for Salaschenko-klubben (frå no av klubben). Klubben hev fleire pensjonerte medlemmer som hev engasjert seg periodevis. Det er tvo av desse som tek komandoen når det tek seg upp. Den eine skyt Sala, fyre han skyt seg sjølv. Men trass i at denne mannen skyt seg,

er det ingen som greider å avsløra klubben, fyre Blomkvist kjem inn i eit samarbeid med PST. Gjennom systematisk yvervaking og ein del hell, greider PST saman med det vanleg politiet i løynd å avsløra dei sentrale personane i klubben, utan at dei sjølv vert klår yver det.

Det siste er vesentleg, for det gjeng seg til rettsak mot Salander. Ho vert skulda for ei rad mindre kriminelle tilhøve. Det er ikkje det viktige, derimot at klubben trur dei skal lukkast i å få åklagaren til å gå inn for å gjera Salander utilrekeleg og få henne inn på psykiatrisk klinikk. Soleis er det viktig at Salander fær hjelpsmenn som kann arbeida i fred og ro.

Leidaren for Milton Security, Mikael Blomkvist, Blomkvists syster Anna Giannini og Henrik Palmgren utgjer etter kvart eit lag som arbeider for Salander. Dei gjer det dei kann for å få ut den sanne historia um det som hev hendt med Salander. Blomkvist skriv ei heil bok um Salander og dei kreftene som hev stade bak henne, samstundes som at han skal gjeva ut menneskesmuglarboki til venen sin, og i tillegg skal det koma ut eit spesialnummer av Millenium og ein fjernsynsreportasje som syner fram konspirasjonen mot Salander.

Ikkje nok med dette Salander hev hackarvener som driv med spaning millom anna på åklagaren. Dei hev òg saman med Salander avslørd at Trelleborian hev ei datamaskin full av barneporno.

Då rettsaki nærmar seg vert klubben desperat. Dei prøver å planta dop heime hjå Blomkvist og deretter på å drepa han. Drapsfreistnaden fører med seg ein knekt fingar, men elles greider Blomkvist seg etter måten godt.

Dei siste hundre sidone er nærmast ein parademarsj i høve til at det meste gjeng gale



Senter
mot
antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

SMA-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

SMA-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljutt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

for klubben og alt gjeng Salander og Blomkvists veg. Høgdepunktet er definitivt då Trelleborian som er hovudvitne må forlata vitneboksen og vera med politiet. Domaren må slå fast at han aldri hev upplevt at hovudvitnet til åklagarsida hev vore nøydd til å forlata salen under ståande rett. Fyre Trelleborian må forlata salen, hev han vorte fullstendig vengjeklyppt av advokat Giannini.

Saki mot Salander fell fullstendig frå kvarandre. Salander vert frikjend og myndiggjørt. Salander må til politforhøyr, men endar opp med å forlata Stockholm for å reisa til Gibraltar for å undersøkje korleis det gjeng med ein mann som ho hev sett til å røkta milliardformua si.

Då Salander kjem heimatt fleire månader seinare, fær ho vita at ho hev eit arveuppgjer knytt til faren. Ho reiser ut til ein av egedomane hans. Der oppdagar ho Niedermann. Niedermann vil drepa henne, men Salander greider å få spikra føtene hans fast til eit golv. So forlet ho han og ringjer motorsykkelmiljøet. Dei kjem til staden, og Salander ringjer politiet. Etter dette levendet kjem Blomkvist på vitjing til Salander. Salander tek imot han. Ho hev vore sjalu på at Blomkvist hev havt fleire kvinner enn henne, men no let dette til å ha roa seg ned.

Temai som umsluttar denne trilogien er vald og yvergrep mot kvinner, men òg yvergrep frå byråkratiet mot einskildborgarar. Larsson var ein mann som var uppteken av demokratiske rettar og rettferd. Sjølv um forfattere heilt klårt stod på den sosialistiske sida av samfundsdebatten, kann ein ikkje segja at bøkene vert eintydig merkt av dette.

Det er det som gjer at kritikken frå Gullieu vert småleg. Gullieu hev gong på gong konstruert politiske komplott som berre verkar langhenta og urealiske. Ein kann nærast tenkja seg at han er meir uppteken av å få fram dei rette meiningane heller enn av samanhengen i sogone sine. Gullieu må òg finna tøffe heltar med politisk korrekte haldningar. Politifolk er som regel og av natur vondkynde i manusi hans. Larsson er utan tvil langt meir reflektert og i stand til å setja saman vanlege folks liv på ulike nivå. Det er klårt nok at hackaren og milliardæren Salander gjeng vel langt yver i fiksjonen, men me er viljuge til å kjøpa ei slik historia, sidan det er underdoggen som stend mot dei etablerte.

I boki og fjernsynsserien, *Fiendens fiende* som er sentral i forteljingane um Carl Hamilton, sviktar realismen etter mitt syn. Det er meir realistisk at ein hackar greider å svindla til seg milliardar av kronor enn at ein gjeng

nynazistar skulde ha interessa av å driva terror mot eit forsvarsmøte. Når Gullieu itillegg vil ha det til at den sovjetiske ambassaden gav agent Hamilton ein høghangande medalje for innsatsen mot nynazistane av di nynazistane vilde setja i gong att den kalde krigen, hoppar eg av. Dette er ein oppkonstruert fantasi av ein utanrikspolitikk og ikkje noko som det er mogleg å forstå for vanlege folk.

Det derimot alle skynar er kor vanskeleg det kann vera å handtera byråkratar som rottar seg saman um å fylgja regelverket og verna um feil dei hev gjort i arbeidet med einskildpersonar.

Den fjerde boki til Larsson skal liggja fyre i manusform. Um me nokon gong vil få sjå henne, høyrer framtidi til. Familien ynskjer ikkje å gå ut med henne no. Men det er ingen tvil um at gruppa av menneske som hev lese milleniumstriologien er so stor at kravet og ventnaden um meir er stor og ikkje minst ventar dei mange lesarane på å få sjå dei tvo siste bøkene på film, so ingenting kann segjast å vera endeleg avgjort enno. Eg gleder meg kor som er til september, då film tvo hev premiere.

Deir Yassin: Kva med dei arabiske vitni?

Av Lars-Toralf Storstrand

I samband med krigen i Gaza nyss, der Israel gjekk inn for å stogga terrorrørsla Hamas si bombing av m.a. Sderot og freistnader på å senda rakettar so langt som til Ashdod og Ashqelon, hev det reist seg eit vell av kritiske røyster – men hovudtyngdi av kritikken er retta mot Israel – og det er mest som ein kann lesa millom linone at Israel hev inkjvetta rett til å forsvara seg, eller som det heiter på engelsk: Damned if you, damned if you don't.

Kåre Isaksen Willoch, som sjølv (fjernt) er av jødisk ætt – tykkjest hava gjort det til eit livsverk å skulla hamra ned på Israel – og det er ikkje reint ofte at han dreg fram den sokalla Deir Jassin-masakren i 1948.

Men kva er sanningi um Deir Jassin?

Det hev, millom anna frå Willoch si sida, vore hevda det tradisjonelle talet på 250 drepne – inkludert kvende og born.

Problemet er berre at det korkje fanst kvende eller born i den arabiske landsbyen då åttaket bar til – berre eit fåtal vaksne menn – i høgdi kring 120. Dette er verifisererte tal.

Då Lehi (Stern-gjengen) og Irgun Z'vai Leumi gjekk til åtak på landsbyen den 9. april 1948, åtvare dei alle som var til stades og oppmoda deim um å koma seg vekk – elles kom dei til å standa i fåre for å missa livet sitt. Israel fører medvite same politikk i dag. Dei hev ikkje noko ynskje um å drepa ein einaste arabar – kann dei sleppa det.

Golda Meir sa det slik: "Me kan forlata dykk syndi at de drep våre born, men me kann aldri forlata dykk den syndi at de tvingar oss til å drepa dykkar born."

Kor som er – og dette kann høyrast sleivut ut – kann ein undrast på kva det eigenleg tyder. Ein muslim som døyr i krig med ein som ikkje tilhøyrer Dar al-Islam, Islams hus, er då, etter læra deira, sikra å hamna rett i Jannah – det islamske paradiset, der dei kan kjosa millom 72 houriar, eller 26 prepubertale gutar – eit val som for Jassir Arafat truleg var einfelt.

BBC på banen

For i 1998, laga det statlege britiske TV-selskapet BBC ein TV-serie (Israel and the Arabs: the 50 year conflict) der dei millom

anna intervjuar sume av deim som medvite var med på å planleggja det medie-uppstyret som Deir Jassin hev vorte – og som Kåre Willoch m.fl gladeleg ser burt frå – berre fordi det ikkje høver med deira versjon av sanningi.

Hazem Nusseibeh, som på den tidi var bladstyrar for Palestine Broadcasting Service si arabiske nyhendeavdeling - fortel um eit møte ved Jaffaporten inn til gamlebyen i Jerusalem, der nokre få yverlevande frå Deir Jassin møttest med leidaren for den arabiske høgkomiteen (representasjonsorganisasjonen for arabarane i det britiske palestina-mandatet), Hussein Khalidi.

"Eg spurde dr. Khalidi korleides me skulde dekkja det som hende," fortalde Nusseibeh til BBC, "og han svara at 'me må utnyttja dette til det fulle'. Me skreiv ei pressemelding som fortalde at i Deir Jassin vart barn myrda, gravide kvende vart valdtekte. Alle slag grove yvergrep vart utførde."

Ein annan yverlevande, som kallar seg sjølv Abu Mahmud, fortalde at landsbyfolket protesterte der og då. 'Men det var jo ingen valdtekte.' "Khalidi sa då: 'Me

må segja dette, soleides at dei arabiske armeane kjem attende for å gjera Palestina fri frå jødane.”

Nusseibeh, som tilhører ei av dei store arabiske ættene fortalde korleides det heile gjekk motsett. Propagandaen fungerte som ein boomerang.

”Dette var vår største tabbe,” sa han. ”Me skyna ikkje korleides våre egne kom til å reagere. Straks dei høyrde at kvende var valdtekte i Deir Jassin, flykta dei frå andre byar i redsle.”

Talet på daude

Tvo arabiske akademikarar som hev forska på ’massakren’, Sherif Kanaanah og Nihad Zitawi, som forskar på antropologiske spursmål ved Bir Zeit-universitetet, hev set saman ei liste yver kven og kor mange som vart drepne. Totalt hadde landsbyen 750 innbyggjarar, og var ein landsby der ”alle” kende ”alle”.

I rapporten åt Kanaanah og Zitawi, som er publisert av Bir Zeit-universitets dokumentasjons- og forskingsavdeling. Dei sa, på basis av den rapporten i 1998:

”Når me sjekka og dobbelsjekka namna som fanst i ulike kjeldor, vart det eintydig at det ikkje under noko umstende fanst meir enn 120 daude”.

Når ein so tek med i reknestykket at alle kvende og barn vart sende burt frå byen – fleire dagar i fyrevegen – og at dei som vart verande – var aktive paramilitære krigarar, er det tydeleg at det som hev vore kjernen i Willoch og palestinarane sin myte um israelske yvergrep hev falle.

Fjordske og mørske m.m.

Av Trygve Orheim

”Fjordske og mørske”, kva er no det for noko? Ja, du kann so spyrja! Og her kjem svaret:

Uppal av unghest, hev vore fast skikk og bruk på gardane i Nordfjord i århundrad. Ikkje minst under krigen. Og ein dag i dei tider fekk vi på garden heime (Orheim i Stårheim) vitjing av ein god gamaldags hestehandlar.

Han hadde høyrte at vi hadde ei slik fin 2-års merr ståande. Og den var han storleg huga på å få tak i. Men nei, det var nok ikkje råd. Den var nemleg kjøpt som føl, for med tid og stunder å gå inn i rekkja av vyrdelege avlsmerrar på garden. Og då so ---. ”Ja-ja”, sa handelskaren: då får eg seie som han sa sunnmørguten som vilde ha seg ei nordfjord-taus til kone --- og ikkje fekk det. ”Nå-ja, fær ’kje ej mej ei fjordske, so fær ej mej ei mørske.” Og dermed gjekk han sin veg (og det gjorde hestehandlaren òg). Han hadde visseleg ei på lur, på heimlege kantar. So då var det berre å gå heimatt og låst som ingen ting. Men eg trur tauså som svarte nei, gjorde ein feil. Eg trur dette må ha vore ein kvalitets-kar. Truleg ein av same slag som Bjørnson hadde i tankane då han skreiv: ”Løft ditt hode du raske gutt.”--- Eller minner det meir um reven sin sans for å ha tvo utgangar? Ja-ja, so var no det.

Elles kjem ein av og til i tankar om den rolle dei gamle vandringsvegane millom Nordfjordeid og Sunnmøre hev havt gjennom ættledane. Ikkje minst den over Steinsvikeidet. Her hev mang ein fehandlar fare med sine drifter av storfe og hest. Og under krigen var då denne råsa reint ei velsigning. Varer det var knapt med på eine sida av fylkesgrensa kunde det vera overflod av på andre. Som til dømes frukt sunnanfor og industrivarer nordanfor. Og gangstigen langs Bauvatnet, fungerte då

som den reinaste transitt-åre. Slik han hadde gjort både før og seinare, med si spesielle evne til å vera ei handsrekning millom sud og nord. Og kanskje ein artig liten sogestubb på kjøpet som til dømes denne: Bestefar min var ein gong nord i Dalsfjorden og kjøpte ein hest. Det leid på hausten og straks handelen var i orden, byrja han ykta på å koma seg på heimveg, so han ikkje skulde myrkna ute. So dimed var det berre å firra på og strama på grime-toget og byrja vandra.

Men hesten var ikkje heilt ferdig til å gå enno, han. Han emna på å avlevera noko magefyll, før han for heimanfrå, ser du. Og det var ikkje kjøparen merksam på so med ein gong. Dimed stod gampen stødt på sine bein og byrja på sitt, han, sjølv om gubben drog i toget aldri so mykje. Men seljaren, trass i sin spaklynde dialekt, var han snøgt frampå: ”So lenge hesten he vore her på garda, he han i alle fall fått stade i fred når han he gjort ditta.” So her hadde hesten ein hevdvunnen rett. Det måtte kjøparen merka seg.

Under uppatt-bygginga av Ålesund etter brannen fekk visseleg det klangfulle sunnmørske mål og mæle mykje godt selskap både her og der ifrå. Der var då nokon som hadde lagt merke til eit par karar, truleg kom dei frå ein by. Dei var innum eit hus og spurde um å få kjøpa mat. So vart det spursmål um kva slags mat dei vilde ha. ”Sviller og vafler” var svaret. Men kona i huset måtte nok gje eit anna svar, og det var. ”Nei dæ he ikkje oss, men --- oss he noke oss kallja heilljedrivara.” Kor vidt det vart mathandel av, veit ikkje eg.

Dette var eit døme på sunnmøringen si sterklynde haldning i samband med å måtta slå av ein prat med folk frå andre kantar av kongeriket. Og halda bomfast på sitt morsmål gjorde dei. Men merkeleg



nok, det motsette kunde og henda, her er ein prøve av den kategori: Ein skreddar busett i ei av dei sunnmørske grendene og med målføre som der høyrde til; fekk ein dag vitjing av splint. Diverre vart det usemje og ein av tatterane drog kniv. Men då fekk han seg ein høveleg liten støkk. For skreddaren, kaldblodig som han var, vart snøgt situasjonens herre. ”Vogt Dem De”, sa han kjapt på perfekt bymål; og heldt fram den digre sprikande skreddarsaksa. Ferdafylgjet var kjappe å finna døra.

I fint haustvêr over dei indre nordfjordbygdene, var der ei gamal kona på ein gard som var tenkt seg avstad og raka lauv. Ho fann seg eit par tomsekker og ei rive og gjekk. Vel ut or tunet komi, trefte ho på ei bydame som var på ferie i bygda. Og ho spurde: ”Hva skal De gjøre nå da?” ”Å”, svarte gamlemora som skulde til skogs. ”Eg tenkte meg bort onde hasljane og rake meg noke pondebrøslje onde enj jysjlepøke vi ha ståande. Enj må ha nåke å puslje med nåe enj no går her likevel og tuslja.” Det var svaret --- skal tru bydama forstod seg på slik prat?

Og skulde det vera andre som til dømes lurar på kva ein jysjlepøk er for noko. So er det ein stutekniv som er under oppgjøing.

B



ISSN-1503-2469

Mediespråket

“Forsøkt drept med vogntog og balltre”

Av Thoralf Bergwitz

Me kann undre på so mangt. Me kann t.d. undre på um ”folk flest” bryr seg um korleis ein sjølv - eller eventuelt korleis andre menneskje ordlegg seg – når dei talar eller skriv. Mi eigi røynde er den at nær sagt kven du enn møter på din veg, so er han eller ho – sers uppteiken av korleis du ordlegg deg. Difor må den som segjer noko i eit massemedium, hava det klårt fyri seg at han hev argusaugo på det han hev skrivi.

Me høyrer - og ser so ofte – nettupp i media – at ”folk blir drept i trafikken” – Me høyrer jamvel ordlaget ”Trafikken dreper”.

Det er ikkje den moralske handlingen av vogntog-føraren som her skal umtalast – og soleis heller ikkje dømast – endå sjølve handlingen kann vera vel verd å umtala eller å skrive um, og – for all del – å døma um.. Det høyrer elles visseleg – til all lukke - til det sjeldsynte – at eit menneskje – med vitande òg vilje - freistar å taka livet av eit anna menneskje med køyredonings sin. Men det er – i røyndi – den måten å avlive på – som verkeleg er å drepa i trafikken.

Det tykkjast – i alle fall – å vera ein kynisk måte å ordleggje seg på, ja, det er – i røyndi - ein grov insinuasjon, ja, det er i røyndi - ei grotesk skulding – det å tilleggje eit menneskje – som – i røyndi er det menneskjet som hev fengje den verste skaden i livet – det å – utan å vilja det – hev påført eit anna menneskje so mykje skade at det misser livet - dette. Dette menneskjet skal – av massemedia - brennemerkt med stampelet – ”drapsmann”. Ja, kjære skribentar – og munnlege reportarar - dette er noko som

både den uvyrdne og den uhepne bilkøyraren må dragast med – livet ut. Det vil segja – at mediet-skrivarar – og munnlege reportarar – som nyttar ordet drap og dreping i samband med dødsulukkur – dei påfører den uhepne ei tilleggsending som den utsette kunde vori spard for – ved at reportarar kunde koma i hug - Ver varsam-plakaten.

For so å koma attende til den reinte språklege utsegn som her er prestert av eit massemedium, so må det òg vera noko å undre på.

Kvi kann den andsvarshavande for utsegn ha ordlagt seg soleis?

Det kann vandskeleg tenkjast ei anna årsak – enn at vedkomande andsvarshavande – sjølv kann tenkje seg – å nytte ein sovoren ordleggjingsmåte i sin daglegtale.

Med den skort på språkupplæring i skulen, som er konstatert frå ymse hald, so er massemedia eit medium som vel burde vera retningsgjevande for målføringi hjå lesarane? Den som hev levebrødet sitt ved å nytte tungemålet som arbeidsmedium, han er – og vil vera - retningsgjevande for kva som er rett, eller ikkje rett ordleggjingsmåte. Ordleggjingsmåten sin burde vel vedkomande andsvarshavande difor vera sers umhugsam med – både ortografien og at han er grammatikkalsk rett og meiningfylt.

Me kann då undrast på um ordlaget ”forsøkt drept” med ”vogntog og balltre” er ei språkføring til etterfylgjing?

Me kann då setje fram spursmålet: Kva er det som er forsøkt ?

Ordet ”forsøkt” tyder at det er ein handling som det er gjort freistnad på å gjera. Ordet stend i partisipp – det vil segja – einkvan hev gjordt ein freistnad på å gjera eitkvart (å taka livet av einkvan).

Me skynar - av samanhengen – at einkvan hev gjort ein freistnad på å taka livet av eitt menneskje – i dette høvet – ein sykkelist – dvs. eit anna menneskje.

Ordet ”drept” stend òg i perfektum partisipp, men ingjen er drepen – ingen hev mist livet i denne hendingen – ingen hev ”drept” nokon -og heller ingen er skadd..

Det den andsvarshavande bladmannen (eller kvinna) freistar å segja, er at ein vogntogførar hev gjort ein freistnad på å taka livet av eit anna menneskje – ved hjelp av vogntoget som han sjølv køyrer. Dvs. vognføraren har forsøkt å drepe et annet menneske med vogntoget sitt

Det at han hev ein drapsreidskap i si makt – i og med at han køyrer eit vogntog, det er hevja yver all tvil. Men ”forsøkt drept” vert ikkje meir grammatikkalsk rett av den grunn.

Når bladskrivaren nyttar ”forsøkt”, so saknar me eit ”har” framfyre ordet ”forsøkt”, men det å setje ordet ”drept” òg i perfektum partisipp, det strir mot einkvar grammatikkalsk regel.

Ved ein revy i Horten i året 1945 vart det framført ei vise um ”Padder i språket”. Her er eit døme på kva som var meint med ”Padder i språket”.

Det aktuelle ordlaget kunde ha vori: ”Forsøk på å drepe med vogntog og balltre”.

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

Sluttordet:

Jamvel um eg ikkje er nokon truande, so vil eg helder ha Jesus og Maria - enn islam og sharia.

Harald Vilimsky